

Vakker og varm julegudsteneste.

24.12.2015



Sokneprest Lina Håland fekk svært god kontakt med kyrkjelyden i preika si.

Ruskeveret stoppa ikkje folket. Kyrkja var fullsett under julegudstenesta i Uskedal kyrkje i dag, og sjølv om regnet ruska ute, opplevde kyrkjelyden varme og julestemning inne i kyrkja. Julegudstenesta er ein fin tradisjon som mange må ha med seg inn i julehøgtida. I dag syntes eg den var ekstra fin.



Celine Musland, Emma M. Ripel og Camilla M. Ripel framførte julemusikk på framifrå måte

Redaktør Ola Matti Mathisen som har dekka alle julegudstenestene i Uskedalen etter at han kom til Uskedalen, sa etter gudstenesta at han aldri hadde opplevd ein finare regi på den. Eg trur mange langt på veg var samde med han.

Sokneprest Lina Håland brukte midtgangen i kyrkja som utgangspunkt for den fine og varme preika si. Medan ho bevega seg litt opp og ned mellom benkeradene fekk ho svært god kontakt med borna, og såleis nådde ho også godt fram til dei vaksne. Ho knytte juleevangeliet til det årlege julespelet i Julabygda der ho kjem frå, og song mellom anna refrenget frå sangen som pleier ljoma i det spelet. Vakkert! Ho var også innom situasjonen i verda og trøngen for å vera gode med kvarandre og hjelpe kvarandre. Det var ei preike som fekk fram julebodskapen på ein framifrå måte.

Musikk er viktig under slike gudstenester. Tre unge jenter og ei middelaldrande dame hadde nydelege bidrag i så måte. Kornettistane Celine Musland, Emma M. Ripel og Camilla M. Ripel imponerte verkeleg både i Mitt hjarte alltid vanker og i Deilig er jorden. Julestemningsfullt og vakkert fleirstemt spel leverte dei tre. På orgelkrakken sat som vanleg Eva Megyesi, og ho er det jo alltid ein frys å høyra på! I tillegg er det noko eige med å høyra dei fine julesongane når dei vert sungne slik som dei vart av kyrkjelyden i dag. Elles deltok også klokkar Oddbjørg Heimark med samlingsbøn og tekstlesing.



Søstrene Ella Karina og Norah Hjønnevåg tende lys i globen før gudstenesta.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.